



NVE – Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref.:

Vår ref.:

1611500 -2

Vår dato:

04.01.2022

Søknad om utsett byggefrist for Bredvatn kraftverk i Bremanger kommune

Vi viser til kongelig resolusjon av 13.oktober 2017 der SFE Produksjon AS får løyve til å regulere Øvre Bredvatn og til bygging av Bredvatn kraftverk og nødvendige elektriske anlegg i Bremanger kommune. Bredvatn kraftverk er eit opprustingsprosjekt for forbedra utnytting av vassressursane knytt til noverande Åskåra 1 kraftverk (90 MW / 400 GWh middelproduksjon). Prosjektet vil gje 67 GWh ny kraft, noko auka magasinkapasitet og framfor alt meir enn dubla installert effekt i Austre Åskåra. I samband med elektrifisering og auka innslag av uregulerbar fornybar kraft har prosjektet Bredvatn kraftverk svært stor verdi ved å tilføre auka fleksibilitet og reguleringsevne til kraftsystemet, og med avgrensa miljøverknader.

SFE Produksjon realiserte konsesjonane for Østerbø kraftverk (55MW / 165 GWh - Høyanger kommune) med utbygging i perioden 2017 -2020, og Lutelandet vindkraftverk (50 MW / 150 GWh – Fjaler kommune) med idriftsetting desember 2021. Ein har også valt i 2018 å delta med 50 % i utbygginga av Jølstra kraftverk (totalt 55 MW / 207 GWh ny produksjon) som også vart idriftsett på same tid. Selskapet har som strategi å nytte eigne ressursar i stor grad også ved utbygging av ny produksjon for å optimalisere positive lokale ringverknader og bygge kompetansearbeidsplassar. Av den grunn har det vore vanskeleg å få starta utbygginga av Bredvatn kraftverk i ein hektisk utbyggingsfase med andre prosjekt som no er gjennomført. Samstundes har Bredvatn kraftverk høge utbyggingskostnader pr ny kWh, slik at ein har vore avhengig av tilstrekkelege vilkår med verdsetting av fleksibilitet i kraftmarknaden og elles rammevilkåra for utbygging av ny kapasitet, som har vore utfordrande.

Situasjonen både når det gjeld eigen kapasitet, fleksibilitetsverdiar i kraftmarknaden og rammevilkåra elles (t.d. innføring av kontantstraumskatt) har betra seg mykje, og samfunnsnyttan av prosjektet framstår som stadig betre. Det vil likevel ikkje vere mogeleg å starte byggearbeida for Bredvatn kraftverk innan byggefristen 13.10.2022 og SFE søker derfor om 5 års utsett byggefrist, jfr. vilkåra for tillatelse etter reguleringslova og vassresurslova pkt.4. Tilsvarende vert det søkt om utsett byggefrist for anleggskonsesjonen etter Energilova og Energilovforskrifta.

Med venleg helsing
SFE Produksjon AS

Ola Lingaas
Produksjonsdirektør

Arild Bruland
Prosjektsjef

Sogn og Fjordane Energi AS

Bukta, 6823 Sandane
Telefon: 57 88 47 00 Heimeside: www.sfe.no
Telefaks: 57 88 47 01 Org. nr.: 984 882 092
Kundesenter: 57 88 47 47 Bankkonto: 8580.13.92356
E-post: post@sfe.no

SFE Produksjon AS
Org. nr.: 984 882 106
Bankkonto 8580.13.93069

Svelgen Kraft AS
Telefon: 57 79 61 00
Org. nr.: 986 530 649
Bankkonto: 8580.13.93182
Besøksadr.: Svelgen